

## Nyheiter



Deaf Aid sin internatskule for døve barn i Kenya. 66 elevar i alderen 4-18 år Foto: Arkivfoto: Deaf Aid

# Går til ei god sak

I 15 år har Deaf Aid Isinya vore meir enn ein gjenbruksbutikk på Ål.

**Henning Myntevik**  
hm@hallingdolen.no

**Driven av nær 20** frivillige, dei fleste pensjonistar, har butikken utvikla seg til ein sosial møteplass, og ei viktig hovudinntektskjelde som bidreg til å halde liv i internatskulen for døve barn i Kenya.

Denne veka markerte butikken fem år sidan flyttinga til nye lokale i Sundrevegen, og samstundes 15 år sidan Marit Kolstadbråten starta opp verksemda.

### Flittige pensjonistar

Kvar måndagsmorgon og til nær midnatt, er den faste ryddegjengen på plass. Då blir det laga nye utstillingar, rydda, sortert og gjort klart til nye kundar.

- Alderen spenner vidt, nokre er over 80 år, andre lever med alvorleg sjukdom som livslang kreft, og fleire balanserer frivillig innsats med gardsliv, barnebarn-tilsyn og andre gjeremål i kvardagen, fortel Kolstadbråten.

### Eit godt føremål

Ingrid Ådnegard er for tida frivillig dagleg leiar, medan Randi Kvelprud Stein har ei sentral rolle med foto og video til Facebook-



Rosemåling er framleis populært blant kundane.



**Det er kjekt å vere med når ein veit at inntekta går til ei god sak.**

*Inger Karin Bøygard*

sida, òg til vask, rydding, pynting med blomar og alt anna som trengst.

Blant dei som hjelper til er Inger Karin Bøygard, som har vore frivillig sidan 2011, og Else Veslegard, som har bidrege dei siste ti åra.

Dei to pensjonistane set pris på å kunne bidra i kvardagen.

- Det er kjekt å vere med når ein veit at inntekta går til ei god sak. Marit gjer ein kjempeinnsats for mange, seier Bøygard.

### Frå Ål til Kenya

Det som blir selt i brukbutikken, går i hovudsak til drifta av Deaf Aid Isinya sin internatskule i Kenya, Isinya School for the Deaf, som har rundt 200 døve elevar og om lag 50 tilsette.

Bruktbutikken på Ål står for om lag halvparten av driftsmidlane til skulen, og er dermed heilt avgjerande for verksemda. I butikken finn ein alt frå servise, kjøkkenutstyr, interiør, tekstil og verktøy.

- Gjenbruk er i tida. Her kjem det både hallingar, innvandrar og tilreisande innom. Butikken har blitt eit naturleg stopp for mange som ønskjer å finne noko som ein kanskje inn får tak i andre plassar, avsluttar Bøygard.



Det er fleire skattar ein kan finne i brukbutikken.



Deaf Aid feirar 15 års jubileum. Inger Karin Bøygard og Else Veslegard har vore med som frivillig i fleire år.